



Møte	Møte i kommunedirektørutvalget
Stad:	Teams-møte
Dato:	11 januar 2021

Desse møtte: Aud Sunniva Fuhr, Frantz Are Nilsen, Dagne Ropstad, Sten Albert Reisænen var med på saker knyttet til Iveland. Rita Hansen deltok på orientering om strategiarbeidet og Katrine Homdrum orienterte om KOSS/OSS

Forfall: Karina Sloth Grindland

Tekst

Sak 1 status frå kommunane og leiar RMU

Kommunane orienterte kort om status i eigen kommune:

- Åseral og Bygland er begge i oppstart på ein større organisasjons- og driftsgjennomgang. Åseral ruller i tillegg samfunnsdelen
- Valle er i oppstart av felles plan for oppvekst. Temaet var aktuelt for fleire av kommunane (ny barnehagelov) Diskusjon rundt korleis ein kan utveksla erfaringar på tvers i regionen. Ein ble enige om at det ikkje var behov for eit eige møte på dette.
- Ellast vanleg drift, fokus på avslutning av rekneskap og kontroll på koronasituasjonen

Sak 2 Orientering KOSS/OSS v/ Katrine Homdrum

- Sjå vedlagde presentasjon.

RMU tok presentasjonen til orientering.

Sak 3 Orientering frå Setesdal IPR v/ dagleg leiar Rita Hansen. Orientering frå strategi prosessen

kort munnleg orientering om strategiprosessen med fokus på RMU:

- Prosessen var tydeleg på at RMU skal styrkast
- Det overordna formålet var å styrka den regionale funksjonen
- Ballen vart deretter spelt tilbake til RMU (samling planlagt i november)
- Etterlyst litt meir tydeliggjøring undervegs frå RMU
- RMU har ikkje forslagsrett i IPR
- Saken om Samarbeidsavtalen utsett i førre styremøte. Blir igjen tatt opp når forslag til RMU sin rolle og funksjon er lagt inn i avtalen.

Dagleg leiar orienterte òg kort om at arbeidsgruppe næringsforum hadde behov for fysiske møte og derfor hadde sett arbeidet på vent på grunn av korona-restriksjonane.

Sak 4 Oppfølging samarbeidsavtale for IPR Setesdal

RMU diskuterte samarbeidsavtalen med utgangspunkt i dei skissene for RMU sin rolle som vart utforma i strategiprosessen. Det var uklar for RMU kvifor dette grunnlaget ikkje vart vidareført inn i samarbeidsavtalen. Oppfatninga var at den planlagde «avklarande runden» utvalet skulle ha eit fokus på interne arbeidsprosessar. Ikkje formål/hensikt, som tilhørde strategiprosessen. Konsekvensen av at RMU ikkje er formalisert inn i avtalen er at IPR må forhalda seg til kommunane einskildvis i alle saker. Dette er uheldig. RMU diskuterte vidare at det blir viktig å sikra prosessar for god informasjonsflyt mellom IPR og RMU når ikkje lenger dagleg leier er representerte i RMU.

Avgjerdspunkt:

- *RMU tar opp igjen grunnlaget frå strategiarbeidet og utarbeider eit forslag til tekst til samarbeidsavtalen (ansvar Aud Sunniva)*
- *RMU utarbeider òg eit innspel på viktigheita av god informasjonsflyt mellom utvalet og IPR (ansvar Aud Sunniva)*

Sak 5 Samarbeidsavtale for Midt Agder Friluftsråd

RMU gjekk gjennom møtereferat frå møte i arbeidsgruppa for ny organisering av Midt-Agder Friluftsråd (MAF) og utkast til samarbeidsavtale

Ved gjennomgang av samarbeidsavtalen vart følgjande diskuterte:

- Lokalisering – er det mogleg å tenka nytt rundt plassering av kontoret?
- Viktigheita av å sikra geografisk mangfald i styresamansetninga
- Betalingsmodell – Sikre ein balansert betalingsmodell som ikkje favoriserer dei store kommunane. Dei største brukargruppene kjem frå dei store kommunane ved kysten. Det er då naturleg at desse tar meir av belastninga.

Avgjerdspunkt:

- *Punkta blir tatte med som innspel til arbeidsgruppa for ny organisering av MAF.*

Sak 6 Nye OFA – gjennomgang strategi dokument med fokus på finansieringsmodell

Rådmann i Iveland innleidde med å gå gjennom notatet han har utarbeidd etter førre møte i RMU

- Sjå vedlagde notat

RMU meinte notatet var solid og belyser viktige prinsipielle spørsmål om kostnadsfordeling mellom store og små kommunar. Kommunar med lågt folketal vil få ein uforholdsmessig stor auke i kostnad pr. innbyggjar, og har i tillegg mange små innkjøp under terskelverdien. Dette gjer at effektiviteten av avtalen blir mindre.

Avgjerdspunkt:

- *Notatet blir sendt som eit felles notat frå RMU til kommunedirektørene på Agder*

Sak 7 Namn på utval

RMU diskuterte namn på utvalet.

Avgjerdspunkt:

- *Utvalet heiter heretter Kommunedirektørutvalget (KU)*

Sak 8 Samling med Kommunedirektørutvalget

Avgjerdspunkt:

- *Utvalet set tidspunkt for samling så snart ein har ein muliget til å møtast fysisk*

Saker under eventuelt:

Oppfølging av styremøtet i IKT Setesdal.

Det vart i møtet 3. desember avtalt å halda eit arbeidsmøte så snart som mogleg for å gå gjennom eit meir gjennomarbeidd tal- og avgjerdsgrunnlag for ein eventuell innlemmelse i IKT Agder eller DDV. Prosessen har tatt forholdsvis lang tid, og det er no viktig å få eit så solid avgjerdsgrunnlag som mogleg på plass.

Avgjerdspunkt:

- *Leiar i kommunedirektørutvalget tar initativ til at det planlagde møtet blir halde i januar*

Tannhelsetjenesten

Agder Fylkeskommune har starta eit arbeid der ein ser på ei mogleg redusering av talet på kontor for tannhelsetenesta. Desse kontora er viktige for distrikta. Kommunedirektørutvalet ser på om det kan skrivast ei fellefråsegn til dette arbeide.

System for å registrera innbyggjarar som er i karantene

Personvernsperspektivet i det nye systemet vart diskuterte. Kommunane tar eigne vurderingar i forhold til anvendelse av systemet

Stad: Teams
Dato: 11.01.21
Referent: John S